



Utval: Formannskap
Møtestad: Hamaren, Fyresdal næringshage
Dato: 07.12.2016
Tid: 08:30 – 11:20

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ellen Elisabeth Gasman	Kjell Sverre Thoresen	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
50/16 – 55/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 50/16	Referatsaker
PS 51/16	Økonomirapportering pr 01.11. - finans
PS 52/16	Økonomirapportering pr. 01.11 - økonomi og fellestenester
PS 53/16	Leasing av administrasjonsbil
PS 54/16	Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp

Fyresdal 30. november 2016

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalgssekretær

PS 50/16 Referatsaker

RS 32/16 Orientering frå administrasjonen

RS 33/16 Økonomigjennomgang

I møtet:

- Orientering om avgjersle i lønsoppgjøret nå i haust etter at mekling er gjennomført.
- Formannskapet ynskjer ikkje sak om privatisering av kommunale vegar nå og vil fremme dette for kommunestyret for å endre tidlegare ynskje om ei slik sak.
- Orientering om nye/endra opplysingar i samband med budsjett 2017.
- Orientering om arbeid med å gjennomføre eit seminar om innovativt innkjøp i samarbeid med næringslivet.
- Tilsyn frå Fylkesmannen på integreringsarbeid – ingen merknader eller lovbrøt.
- Orientering om stoda med innføring av ny betalingsordning på renovasjon.
- Rådmannen forhandlar fram ei avtale med FN Eigedom AS som ordførar underteiknar i tråd med kommunestyresak 46/15.
- Orientering om arbeidet til Telemarkrøye AS.

PS 51/16 Økonomirapportering pr 01.11. - finans

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda for området finans pr. 01.11.16 vert teke til vitande. Auk i skatteinngang med kr 500.000,- vert overført til å dekke avdrag i tråd med nedbetalingsplan på lånegjeld.

Handsaming i Formannskap - 07.12.2016

Tilleggsframlegg frå ordføraren:

Ytterlegare auk i skatteinngang vert avsett til disposisjonsfond.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med tilleggsframlegget frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 07.12.2016

Den økonomiske stoda for området finans pr. 01.11.16 vert teke til vitande. Auk i skatteinngang med kr 500.000,- vert overført til å dekke avdrag i tråd med nedbetalingsplan på lånegjeld. Ytterlegare auk i skatteinngang vert avsett til disposisjonsfond.

PS 52/16 Økonomirapportering pr. 01.11 - økonomi og fellestenester

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr. 01.11 i sektor for økonomi og fellestenester blir teke til vitande.

Handsaming i Formannskap - 07.12.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 07.12.2016

Den økonomiske stoda pr. 01.11 i sektor for økonomi og fellestenester blir teke til vitande.

PS 53/16 Leasing av administrasjonsbil

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune inngår avtale med Autoleas om leige av Skoda Octavia 1.6 TDI 110 hk Style 4x4 stv med køyrelengde på 20.000 km for ein periode av fire år.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 14.11.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 14.11.2016

Fyresdal kommune inngår avtale med Autoleas om leige av Skoda Octavia 1.6 TDI 110 hk Style 4x4 stv med køyrelengde på 20.000 km for ein periode av fire år.

Handsaming i Formannskap - 16.11.2016

Framlegg frå Svein Slyngstad:

Saka vert utsett til neste møte for å sjekke om kor stor bruken av ein slik bil vil vere og rette opp opplysningar i saka.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Svein Slyngstad.

Vedtak i Formannskap - 16.11.2016

Saka vert utsett til neste møte for å sjekke om kor stor bruken av ein slik bil vil vere og rette opp opplysningar i saka.

Handsaming i Formannskap - 07.12.2016

Endra innstilling av rådmannen:

Fyresdal kommune inngår avtale med Autoleas om leige av Skoda Octavia 1.6 TDI 110 hk Style 4x4 stv med køyrelengde på 20.000 km for ein periode av tre år.

Framlegg frå ordføraren:

Fyresdal kommune inngår ikkje avtale om leasingbil for administrasjonen.

Samrøystes i samsvar med framlegg frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 07.12.2016

Fyresdal kommune inngår ikkje avtale om leasingbil for administrasjonen.

PS 54/16 Strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp

Innstilling frå rådmannen:

Strategisk dokument om grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp innarbeidast som vedlegg til kommunen sitt innkjøpsreglement.

Handsaming i Formannskap - 07.12.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 07.12.2016

Strategisk dokument om grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet ved innkjøp innarbeidast som vedlegg til kommunen sitt innkjøpsreglement.

PS 55/16 Søknad frå Olav Kvipt om tilskot til bygging av spesialverkstad for bilrestaurering

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune ser positivt på at Olav Kvipt gjennom bygging av verkstad for restaurering og oppbygging av gamle bilar skaper ein fulltids arbeidsplass i samband med overtakinga av

Kvipt Gjestegard, og løyver kr. 20 000,- i støtte til dette. Løyving frå kto. 1410 470 325. Tilskotet vert utbetalt etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondsmidlar.

Handsaming i Formannskap - 16.11.2016

Framlegg frå ordføraren:

Saka vert utsett til neste møte for å sjekke opplysningar i saka.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 16.11.2016

Saka vert utsett til neste møte for å sjekke opplysningar i saka.

Handsaming i Formannskap - 07.12.2016

Framlegg frå Tone I. Veum:

Fyresdal kommune løyver kr 25.000,- i tilskot til Olav Kvipt for bygging av verkstad for restaurering og oppbygging av gamle bilar, under forutsetjing av at verksemda vert driven i tråd med lovar og reglar.

Løyving frå kto. 1410 470 325. Tilskotet vert utbetalt etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondsmidlar.

Vedtak i Formannskap - 07.12.2016

Fyresdal kommune løyver kr 25.000,- i tilskot til Olav Kvipt for bygging av verkstad for restaurering og oppbygging av gamle bilar, under forutsetjing av at verksemda vert driven i tråd med lovar og reglar.

Løyving frå kto. 1410 470 325. Tilskotet vert utbetalt etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondsmidlar.